

Historien om Surnadal Golfklubb – 25 år i 2025

Lars Ove spurte meg om eg kunne fortelle litt om golfklubben i «gamle dager». Og dette er sjølsagt eit veldig kjekt oppdrag å få. Men dette blir verken jubileumsberetning eller kåseri, men ei slags historiefortelling kanskje. Eg tykkjer det er viktig å ta vare på historia vår. Sjøl om historia til Surnadal Golfklubb enno er berre 25 år, så er den likevel viktig. Og da er det også lurt at flest muleg får høyre om historia.

Eg har sjøl vore med i golfklubben i forskjellige roller gjennom alle desse åra. Eg var til stede på stiftelsesmøtet 14. august 2000 – og er naturlegvis også på plass når vi i kveld feirer 25 år. Eg har også vore ganske ivrig med mobilkameraet i alle desse åra, og har mange tusen golfbilder i arkivet. Ca 200 av desse bilda finn du i desse hefta – som eg legg fram etterpå - og som du kan bla gjennom ut på kvelden om du vil.

Dei første spora etter golf og golfbaneprosjekt i Surnadal er frå rundt 1995 eller deromkring. Dvs. fleire år før Surnadal GK vart stifta. Nokre få surnadalingar hadde sjølsagt spella litt golf før dette, som f.eks. Kjell Øyen og Lars Løseth. Så ei viss gryende golfinteresse var det nok i Surnadal.

Og omkring årtusenskiftet var det faktisk **to** store golfbaneprosjekt under planlegging, omtrent samtidig, av to forskjellige grupperinger

- **Olav Sæter** (Fjellbu) var først ute – med sine store planer om Surnadal Golf & Country Club i Skeismarka / Skeisnebb, med investorer og golfarkitekter fra England.
- **Jon Einar Botten** – planer om å bygge golfbane i området fra den gamle søppelplassen ved Syltøran – og oppover forbi Sveen Auto mot garane på Sylte.

Men for å få til golfbane måtte det startast ein golfklubb. Og daværende hotelleier Jon Einar Botten visste råd. Han utfordra hotelldirektør Børre Tangen til å invitere til eit stiftelsesmøte for å starte ein golfklubb. Og Surnadal Golfklubb vart **formelt stifta 14.08.2000**. Børre Tangen vart valt som klubbens første styreleder, med Svein Sylte som nestleder, og Olav Heggset, Jon Einar Botten og P.K. Øye som styremedlemmer. Det var 38 medlemmer tilstede på stiftelsesmøtet, og nokre av dere var også med da.

Men berre 2-3 veker etter årsmøtet sa formannskap og kommunestyret nei til planene ved Syltøran / Sylte, og lufta gikk ut ballongen og dei store planene ble lagt til side. Og når initiativtaker Jon Einar Botten i tillegg døde i september samme år, vart det stille i Surnadal Golfklubb. Klubben fikk dermed ein svært så dårleg start.

Men etter nesten to år – altså i 2002 – vart det gjort eit «gjenopplivningsforsøk», med nytt styre og ny optimisme. Det var heldigvis mange ivrige medlemmer, og som engasjerte seg i styre og stell. Undertegnede vart da valt som ny styreleder, mens Svein Sylte fortsatte som nestleder, og med sekretær Eistein Bæverfjord, kasserar Magnus Snekvik, Liv Botten, Mari Fjærvik og Terje Haugen som andre sentrale personer i styret dei første par åra. Og Svein Sylte, Emil Naterstad, Ingebrigt Røen og Jon Åsbø fekk dei viktige rollene i anleggsutvalget.

Det nye styret valte ein litt anna strategi enn det som var tenkt frå starten. Klubben mangla egna areal, og dei store baneplanene vart lagt til side i første omgang. Klubben valte heller å prioritere sjølve golfsporten. Klubben vart innmeldt i Norges Golfforbund, og vi etablerte ein drivingrange på Røssmoen (nedanfor Nordmøre Folkhøgskule) og vi starta opp med nybegynnerkurs. Ho Heid laga ein fin klubblogo til oss - og ei hjemmeside vart det også.

Vi var skikkelege amatører i starten. Men det vart etter kvart ganske mange ivrige golfspelarar i klubben, og ønsket om eit eige klubbmesterskap kom på bordet. Og dette vart arrangert på banen til Sunndal Golfklubb både i 2004 og 2005. Heid Snekvik og Torbjørn Kvande vann i vaksenklassane, medan Per Ivar Sylte vant i junior herrer, det aller første året.

Det var mange medlemsmøter i desse første åra, der vi forsøkte å få opp golfinteressene i klubben og bygda elles – og skape entusiasme. I tillegg til dei som allerede er nevnt var det mange andre viktige personer i dei aller første åra av klubbens historie. Eg kan nemne han Kjell, ho Siri, Tove, Geir, Magnus, Heid, Randi, Derek, Olaug, Laila, Allan, Bjørn, Odd, Geir B, Stig, Martinus, Einar, Oddvar, Arthur, Jan Ove - og etterkvart (frå 2006) kom vår mangeårige styreleder Hallvard og fleire andre også med på laget. Kanskje nokre namn i feil rekkefølge – og kanskje har eg glømt nokon også. Og mange av disse er fortsatt aktivt med i klubben, både på banen og styre & stell.

Etter nokre månader med trening på drivingrangen på Røssmoen, begynte styret igjen å sondere mulighetene for få til en golfbane i kommunen. Røssmoen var eit av alternativene, og eit anna var i Stangvika.

Men så fekk eg plutseleg ein ide da eg køyrte oppover forbi Mo ein dag. Og etter nokre veker tok eg sjansen på å kontakte **Liv og Jon Oren**. Eg vart invitert til Mo på kaffe, og eg la fram tankane mine. Kanskje ikkje applaus for ideen den første kvelden – men det vart mange kaffelag på Mo utover hausten 2003. Og til slutt fikk vi ein avtale på plass litt ut på vinteren året etter, og det er vi svært glade for. Vi er også glade for at dei noverande grunneigarane Elin og Tore er her i kveld. Eg møtte forresten han Jon (på spasertur) ute på golfbanen mot slutten av sesongen – der vi hadde ein triveleg prat om både golf, vær og vind. Det var kjekt.

Men så var klart for resten av jobben..... Før vi kunne bygge bane var det mange formaliteter som måtte på plass. I 2004 vart festeavtalen tinglyst, baneområdet fikk eget festenummer på Mo, og hele arealet ble omregulert til idretts- og friluftsmål, etter vedtak i kommunestyret. Men først måtte det **arkeologiske utgravningar** til... det kom to damer med teskei... Det hadde visst vore busetting på hull 6... Og dette kosta oss over 50.000 kroner..., som slett ikkje stod på budsjettet vårt.

Hausten 2004 laga **Odd Roar Nesje** (frå NGF / Molde GK) dei første utkasta til banetegning – der det tilmålte arealet var effektivt og godt utnytta - med eit komprimert og smart banedesign.

Så kunne vi begynne for alvor, med finansiering og bygging.

Med tilskudd 250.000 kr fra det kommunale næringsfondet og 75.000 kr fra 4 hovedsponsorer, hadde vi totalt 550.000 kr i egenkapital – og dermed fekk vi godkjent både tippemidlar (850.000) og lån i Surnadal Sparebank. Og så var det klart for å sende ut prosjektet på anbud. **Gjeldnes Maskin** (dvs. Ola, Per og Arne Gjeldnes) fekk oppdraget i konkurranse med eit stort anleggsgartnerfirma frå Trondheim. Gjeldnes var klart billigast, men heilt ukjent med golfbanebygging... Det første «spadetaket» ble tatt av Ola Gjeldnes og gravemaskina hans 3. juli 2005.

Oppbygging av dei 6 første greenane var den første og største oppgåva. Spesialsand kom med båt frå Hustadvika. Deretter graving av grøfter og legging av vassrør ut til alle greenene. Og store deler av området måtte drenerast skikkeleg før vi kunne lage golfbane. Fleire kilometer med rør ligg nede i grunnen under banen..

I byggeåret 2005 var anleggssjefane **Emil Naterstad** og **Ingebrigt Røen** svært sentrale for Surnadal Golfklubb. Det var mange timer med spekulering, planlegging og bekymring – i tillegg til alt

dugnadsarbeidet. Vi visste ikkje kva vi gjekk til – og takk og pris for det – for hadde vi visst det ville det ikkje vore golfbane på Mo i dag.

Men vi hadde også litt flaks. For omtrent samtidig kom han **Derek Aspill** – en golfspiller fra England – flyttende til bygda. Han kontaktet vi og spurte om råd – og etterkvart var vi så heldig å få med oss Derek som greenkeeper, Han var klubbens første (og hittil einaste) ansatte. Derek var ein viktig mann for oss de første årene! Nøyaktig, grundig og ikke minst arbeidssom.

Vi sådde greenene i august 2005 – ganske nøyaktig eitt år før banen skulle åpnast. Han styreleder Haugen hadde allerede bestemt datoen for baneåpning året etter, og folk var nok litt stressa.... Med god grunn! Graset på greenene grodde sakte, og hjorten kom... Vi visste at det var mykje hjort på Mo, men kanskje ikkje så mange. Og i alle fall ikkje at alle hjortene var så nysgjerrige på dei nye golfgreenene. Det vart nesten litt panikk i klubben, korleis skulle dette gå? Vi forsøkte mange triks for å halde hjorten unna. Inngjerding av greenene med gult blafrende sperreband hjalp lite..... Men så vi fikk høyre av nokon at hjorten visstnok ikkje likte lukta av menneskeurin....

Så da vi satte vi opp ein hemmelig «turnus», med Emil, Ingebrigt og Knut... Ja, det er faktisk heilt sant, vi kjørte til Mo for å slå lens rundt greenene om kveldane den hausten. Etter kvart fekk graset overtaket over hjorten, og fine greener vart det.

Det var **ikkje så mange som hadde trua** på golfbaneprosjektet til å begynne med, men vi fikk etterhvert saker og ting til å skje. Golfporten hadde fortsatt rykte på seg som en «sossesport», både nasjonalt og lokalt. Men det brydde vi oss ikkje om – vi la ned uttallige dugnadstimer på banen vår – og etterkvart fekk folk litt trua på prosjektet vårt.

Og ca 13 måneder etter første spadetak var det klart for **baneåpning 19. august 2006 (6-hulls)**. Den **offisielle åpningen**

av Surnadal Golfpark var en stor begivenhet og opplevelse. Iflg. Tidens Krav kom det nesten 400 personer !! Stangvik skulekorps spilte, Norges Golfforbund var til stede med visepresidenten, Torbjørn Larsen spilte fanfare på bukkehorn og ordfører Bergsvein Brøske foretok offisiell åpning med det aller første slaget fra hull 1. Over 90 meter langt. Og etterpå var det oppvisningsrunde med ein spesialinvitert flight, med bandedesigner **Odd Roar Nesje** og golfpro **Bjørn Jarle Kleppen** frå Molde, juniorgolfer **Daniel Russel Feather** fra Oppegård GK og surnadalingen **Gjermund Grimsmo** fra Drøbak.

Året etter, altså i 2007, var det kåring av «**Norges Golfperle**» på nettstedet **Golferen.no**. Og sjølsagt sørga vi for å nominere Surnadal Golfpark. Vi fekk med heile bygda, mobiliserte til gangs i den nettbaserte kåringa, og fekk like godt ein fantastisk (og uventa) 3. plass i kåringa. Kvinesdal vann, framfor Nøtterøy og Surnadal. Kongsvinger vart nr 4.... God markedsføring (og artig) var det i alle fall !!

Klubbhuset, det er ei historie i seg sjøl, i dag med påbygg i alle retninger. Ei utrangert brakke som vi fekk gratis frå han Ingvar Sæther var starten. Det vart lagt på nytt tak, så litt oppussing innvendig, og måling utvendig. Plutselig hadde vi eige klubbhus. Men det vart snart for lite, og byggetrinn 2 ble ein terrasse. Seinare vart det toalett i påbygg på baksida av huset - og resten kjenner vi godt til. Den fantastiske pensjonistgjengen vår har hatt ansvaret for mange byggeprosjekt opp gjennom åra.

Allerede høsten 2006 (like etter at vi åpnet 6-hulls banen) starta vi med arbeidet for å få til **3 nye hull** på banen. Greenen på hull 7 var da allerede ferdig, men for å få til hull 8 og 9 måtte vi hogge mykje skog – og ikkje minst dyrke opp og drenere ca 20 mål. Det var eit svært krevende område, vått og vanskeleg å drenere.....

Einar Grønnes var ein sentral mann som nestleia og dugnadssjef i klubben i denne fasen. Det var utroleg mange dugnadstimer med

steinplukking på fairwayene i hele perioden 2005 til 2008.....
Og vi sleit lenge med dreneringa på hol 9. Til og med optimisten **Bjørn Schei** begynte å miste trua da han såg hele fairwayen på hull 9 «dissa» på det myrlendte terrenget: «Ta her bli det ikkje nå tå karra.....!»

Men etter mange runder og mykje jobb var den fullverdige 9-hulls banen vår klar til åpning 28. juni 2008, og målet var nådd. Denne gang var det **varaordfører Lars Polden** som foretok offisiell åpning. Byggeprosjektet, som varte heilt frå 2003 til 2008, endte med ei samla investering på 2,8 mill + mva – og ei gjeld i banken på 1,7 mill. I tillegg til banebygga investerte vi også i ein ganske stor maskinpark for å vedlikehalde banen. Men i dag er lånet nedbetalt, og klubbøkonomien er solid. Ikkje minst på grunn eit stort antall sponsorar – nokre har vore med heilt frå starten.

Klubben vokste svært raskt i perioden 2006-2008. Vi hadde meget lav kontingent (blant de aller billigste klubbene i landet), og ikke minst rask og god medlemservice. Vi satset også på utradisjonell og synlig markedsføring. Vi hadde annonser i bladet Norsk Golf, i magasinet som lå i setelommene på alle SAS-fly, og på TV-skjermene i bybussene i Tromsø - og selvfølgelig i fellesarealene på alle Amfisenter. Vi hadde godt over 1000 medlemmer på det meste! Svært mykje jobb, men det store medlemstallet ga oss store og viktige inntekter i ein viktig fase i klubbens historie.

Vi har hatt 6 forskjellige styreledere i Surnadal GK sin historie; **Børre Tangen** 2000-2002, **Knut Haugen** 2002-2009, **Geir Garte** 2009-2013, **Hallvard Kvande** 2013-2016, **Oddvar Væge** 2016-2018 og igjen **Hallvard Kvande** 2018-2025, før **Lars Ove Løseth** overtok lederklubba våren 2025. Hallvard har dermed vært styreleder i til sammen 10 av de 25 årene.

Når det gjeld dei sportslege resultatane i dei 22 første av klubbens 25-årige historie har vi vel muligens ikke så veldig mye å skryte av. Men vi kan ikkje unngå å nemne vår kjære **Tove Garte** – som dessverre ikkje er tilstede i kveld – som har vorte klubbmester 16 gonger. Og eg vil også nemne en herrespiller som i starten var mykje betre enn alle oss andre i klubben, som også var også ein god læremester for oss andre. Han var klubbmester i 5 år på rad, i 2007-2011, siste gang i ein alder av 71 år. Eg pratar sjølsagt om han **Kjell Øyen**. Og litt seinare (i 2016) vart **Stian Kooyman** den aller første golfspelaren frå Surnadal Golfklubb med i Norgescupen. Stian var et kjempestort talent, og utrolig god på sitt beste. Stian er framleis ein dyktig golfar.

Eg vil også nemne **Tove og Geir Garte**, som har hatt ansvaret for klubbens **nybegynnerkurs** dei siste 10-12 åra, og som sikkert har «utdanna» over 200 nye golfspillere. Tove og Geir har absolutt satt spor etter seg i klubben si historie.

Så litt om **den nyare historia** til slutt: Så tidlig som 2017 satset Surnadal GK på å investere i robotklippere på golfbanen, som den andre golfklubben i Norge, like etter Sandnes Golfklubb. Sjøl om det har vært diskutert litt underveis, så tror eg at alle nå er enig om at dette var ei svært framtidsretta investering. Og i dag er det nesten alle golfklubber som har gjort det samme. Samtidig har vi i mange mange år hatt en fantastisk dugnadsgjeng som har gjort vedlikeholdsarbeidet på banen, i lag med robotklipparane.

Dei siste 10 åra har Surnadal Golfklubb gjort seg bemerket med mange turneringsarrangement, med stor deltakelse fra hele Midt-Norge. Og frå 2021 fekk vi sett klubben enda meir på kartet, da vi starta opp med Surnadal Golf Maraton, i nært samarbeid med Siri og Tor i Norske Filter AS. Og i år hadde vi 5-års jubileum for denne unike turneringa, som det går «gjetord» om i hele golf-Norge.

Eg har også lyst til å nemne en enkeltperson som også har sett Surnadal Golfklubb på kartet, spesielt dei 2 siste åra. Og da tenker eg sjølsagt på han Marius Kvande. I år har Marius f.eks. teke bronsemedalje i junior-NM, bronse-medalje i lag-NM (med Ålesund GK), rundeseier i Garmin Norgescup herrer – og 8. plass i en stor internasjonal juniorturnering i Italia – for å nemne nokre av dei store prestasjonane. Og Marius har som 16-åring allerede vorte klubbmester heile 4 ganger i Surnadal Golfklubb !! Uansett korleis karrieren til Marius blir i åra som kjem vil namnet hans stå i våre historiebøker for det han gjort på golfbanen.

Med dette vil jeg avslutte denne fortellinga fra Surnadal Golfklubbs første 25 år. Eg vil til slutt ønske Surnadal Golfklubb til lykke med 25-års jubileet – og vi ser alle fram til mange aktive år vidare i klubben.

Takk for oppmerksomheten – og så ein skål for Surnadal Golfklubb!

21. november 2025

Knut Haugen